


Lykkjflotten

Namn på plassen	Lykkjflotten, Flåtten
GPS-posisjon (UTM 32V)	EU89 UTM32 7013123N 541053Ø
Høgde moh	147
Tilstand	Husa står
Plass under	Megarden
Gnr. Bnr.	19/5
Tidsperiode	Ca. 1880-1906
Ole Endresen Lineggen	Ca. 1880-ca.1890
Helmer Ingebretsen Myrløkken	Ca. 1890-
Ingebrigt Helmersen	
Omtale:	Gardtales i Orkdal side 302





Flyfoto 2002

Marit Larsdtr og Ole Endresen Lineggen var dei første oppsittarane på Flotten. Dei kom frå husmannsplassen Lineggen Øvre, og flytta stuggu derifrå til Flotten.

Marit Larsdtr døydde i 1901 og Ole Endresen i 1906.

Dotter deira, Beret født 1859, vart gift med Helmer Ingebrigtsen Myrløkken (Engmo) født 1866. Dei tok over plassen etter foreldra hennes. Helmer kjøpte ei stuggu i Salsegga som han satte opp att på Flotten i staden for den gamle Lineggstuggu. Beret og Helmer fekk tre born, Ingebrigt født 1890 (død 1894), Marit født 1892 og Ingebrigt født 1894

Helmer var ein av dei siste i bygda som hadde jakt og snurrufangst som attåtning. Han kjende kvar ein stubbe i marka, og det var han som sytte for å få heim sauene til heile grenda om hausten. Eiendommen vart utskilt frå Megarden i 1906 til Helmer Ingebrigtsen Engen.

Berit døydde i 1945

Ingebrigt tok over Flotten. Han vart gift med Maren Fredriksdtr Lervei født 1900. Dei fekk borna Helmer født 1921, Anne 1925, og Berit 1943. Maren døydde i 1943.

Ingebrigt var gravar og ringjar ved Hovudkyrkja i mange år.

Folketelling 1900

Gård	Fornavn	Etternavn	Fam.st.	Alder	Siv.st.	Yrke
Flåtten	Helmer	Ingebrigtsen	Hf	34	g	Skrædder og pladsbruger
Flåtten	Beret	Olso	Hm	41	g	Husmandskone sys. husgjerning

Flåtten	Ingebrigt	Helmersen	S	6	ug	Søn
Flåtten	Ole	Endresen	Husmoderens fader	78	g	Offentlig understøttelse
Flåtten	Marit	Larsd.	Hm moder	75	g	Offentlig understøttelse